

Bergen Kommune  
Grønn etat  
Postboks 7700  
5020 Bergen  
[gronn.etat@bergen.kommune.no](mailto:gronn.etat@bergen.kommune.no)

Bergen, 4.11.2013

## **Fremmede og skadelige arter i Bergen kommune. Strategiplan. Kommentarar frå Naturvernforbundet Hordaland**

### **Generelt**

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) finn det i utgangspunktet positivt at Bergen kommune har utarbeidd ein strategiplan for å hindra spreiding av artar som trugar naturmangfaldet, utkonkurrerer andre artar og representerer ein helseisiko for planter, dyr og menneske.

### **Kommentarar**

Vi støttar i hovudsak framlegget til samarbeidstiltak på s. 20 og vurderinga av risikoen hos dei ulike plantene. NVH har likevel desse kommentarane:

- Det er viktig å få kartlagt førekomstane og spreidingspotensialet hos dei ulike plantene. Når dette er gjort, kan vi lettare vurdere kva slags tiltak som skal setjast inn. Dette kan vera følgjande
  - Førebygging av innførsel av aktuell art
  - Utrydding dersom spreidinga ikkje er komen for langt.
  - Avgrensing og overvaking dersom arten har rukke å etablera seg
- I tillegg til dei forskriftene som er nemnt på s. 14 om ballastvatn, planting/utsetting og innføring av framande artar, bør det også koma ei forskrift om massetransport og forflytning. Statens Vegvesen og diverse entreprenørar har eit stort ansvar her, og det kan nemnast mange eksempel på at skadelege artar er blitt spreidd som frø eller rotsegment når jord og stein blir frakta mellom to stader i samband med vegbygging eller utbygging av industri eller byggefelt. Særleg langs vegkantane og i offentlege anlegg har dette skjedd, ofte i regi av Bergen kommune, som ikkje har hatt den nødvendige kompetanse. Dette håpar vi vil retta seg med den aktuelle strategiplanen.
- NVH er einig i det utvalet som er presentert på s. 17 av framande og skadelege artar. Men i tillegg til desse seks artane, vil vi plussa på med fem til, nemleg sitkagran, kystbjønnekjeks, platanlønn og villrose. Dette grunngrir vi med følgjande:
- Sitkagran. Dette treslaget har vore nytta i skogreisinga frå 1960-talet og har gode tretekniske eigenskapar som kan gi grunnlag for verdiskaping. Men mange stader i kyststroka i Hordaland, også i Bergen, er sitkaen blitt eit problem. Den produserer nemleg kongler frå 15-årsalderen, og desse konglene produserer store mengder med spiredyktige frå kvart år, noko som har ført til ukontrollert spreiding ut i omkringliggjande vegetasjon. Sitkaen er eit lyskrevande treslag, og difor er det langs kysten av Vestlandet at problemet med sitkaspreiing er størst. Mange stader har det ført til at kystlyngheiene er i ferd med å bli omdanna til tett sitkaskog der svært lite lys slepp til i skogbotnen, og landskapet endrar karakter fullstendig. Sidan 60-talet har desse plantefelta utvida seg kraftig ved naturleg spreiding, og mange stader er det alt opptil tre generasjonar sitka utover i terrenget. Frøa kan liggja latent i jorda i fleire år utan å tapa spireevna under ein skjerm av sitka, for så å spira så snart skogen blir hoggen og det slepp lys ned på bakken. Etter vår meining bør det snarast lagast ein forvaltningsplan for sitka i Bergen kommune og i Hordaland fylke, der det blir vist i kva område følgjande tiltak må treffast:

- (1) Hogst for å fjerna uønska sitka frå lyngmarka før dei rekk å setja frø.
- (2) Avgrensing av spreieing / fjerning av mortrea.
- (3) Konesjonsordning i område der sitkaplanting kan tillatast fordi faren for spreieing er liten, til dømes i midtre og indre deler av fylket.

Kystbjønnekjeks. Denne planten representerer etter vår erfaring ein like stor helserisiko som kjempebjønnekjeks, og bør såleis føyast til på lista over skadelege artar på s. 17. Den beste måten å utrydda desse to bjønnekjeksartane på, er ved å slå dei med krattryddar 2-3 gonger for året, for å svelta ut røtene og hindra at plantene set nye frø. Det bør vera ei oppgåve for kommunen v/Grøn Etat å utføra denne oppgåva, med fylkeskommunalt tilskot, på offentlege parkareal, rundt skular og idrettsanlegg etc.

Platanlønn. Det nye klimaet med milde vintrar i kombinasjon med fråver av beitande husdyr, har ført til ein eksplosiv auke i spreieinga av platanlønn. Dette treslaget har frø som har ettermodning og krev kvilebryting i moderat vintertemperatur (0-5°C), og slike forhold er blitt stadig vanlegare på Vestlandet dei siste 20 åra. Dette har ført til at platanlønnen mange stader dannar eit nærmast ugjennomtrengelig kratt. Her bør det innførast moderat hogst for å halda spreieing i sjakk og hindra at trea produserer meir frø, gjerne kombinert med utnytting av trevirket til bioenergi, noko lønn eignar seg ypparleg til.

Gyvel (*Cytisus scoparius*). Denne buskaktige erteplanten med gule blomar i greinvinklane og kvasse tornar, høyrer heime i England og Danmark, men har invadert Vestlandet som resultat av mildare klima. Den har svarte belgfrukter som produserer store mengder frø, og belgen opnar seg eksplosivt og kastar frøa langt vekk. Den har spreidd seg raskt med masseforflytning og ved eiga hjelp og har eit kraftig rotsystem som produserer rotskot slik at det dannar seg tette kratt. Gyvelen er giftig og har vore nytta som medisinsplante, særleg som avførings- og brekkmiddel. Den inneheld alkaloidet scoparin, og dessutan spartein, som får blodårane til å trekka seg saman. Gyvelen har som alle erteplanter, bakterieknollar på røtene som bind nitrogen, og den kan difor veksa på skrinn jord.

Villrose (*Rosa rugosa*) spreier seg frå hagar og er ein art som også bør vurderast på lista over skadelege artar.

Etter vår meining bør alle desse fem definerast som framande og invaderande artar, som bør koma på svartelista og bekjempast aktivt, på same måte som parkslirekne, bulkemispel og kjempespringfrø.

I ein klasse for seg kjem så brunsneglen eller Iberiasneglen som har blitt ei stor plage for hageeigarar og jordbrukare. Den kom hit med importert jord på 1980-talet og har spreidd seg eksplosivt på grunn av mildare og våtare klima. Den spreier seg raskt og ein brunsnegl kan produsera 400 avkom på ein sesong. Som verkemiddel mot brunsnegl blir hageeigarar tilrådd følgjande tiltak (sml. Naturvernforbundet sin brosjyre):

- rydding og klipping av plenar
- dyrking av planter som bruksneglen ikkje likar (rhododendron, bringebær, løk)
- barrierer (aske, sagflis, kalk)
- handplukking på "åte"
- ferramol

I tillegg til dette bør Bergen kommune støtta hageeigarar ved å stilla verkemiddel til disposisjon, slik som kalk, sagflis og flis, som kan hentast på mottaket i Rådalen eller på hagesenter.

Naturvernforbundet Hordaland vil gjerne hjelpa til med å få realisert denne strategiplanen, som kan bli eit effektivt reiskap for å forvalta artsmangfaldet i Bergen kommune dersom den blir brukt på rette måten.

For Naturvernforbundet Hordaland

Nils Tore Skogland  
Dagleg leiar

Oddvar Skre  
Saksbehandlar